

Langrennskomiteen@

Sakshand.: YT/OL

Dato: 20.09.2017

Arkivk.: lk/møter/protokoll/17-19

|   |
|---|
| <b>PROTOKOLL MØTE NR. 01 I LANGRENNSKOMITEEN, 2017-2019</b> |
|---|

**Stad:** Skei, Thon Jølster Hotell  
**Tidspunkt:** Tysdag 19. september 2017, kl. 17.30-21.45

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

**SAK 01 17-19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 02 17-19 Konstituering av langrennskomiteen 2017-2019**  
**SAK 03 17-19 Terminliste 2017-2018**  
**SAK 04 17-19 Breiddesamlingar 12-16 år**  
**SAK 05 17-19 Jentesamlingar**  
**SAK 06 17-19 Økonomisk støtte til «SognaLangrenn»**  
**SAK 07 17-19 Nasjonale renn og meisterskap 2017-2018**  
**SAK 08 17-19 Handlingsplan 2017-2019**  
**SAK 09 17-19 Veiledarutdanning Norges Skiforbund**

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 10 17-19 Krinslaget 2017-2018**  
**SAK 11 17-19 Status i markedsarbeidet til langrennskomiteen**  
**SAK 12 17-19 Team Veidekke Vest**  
**SAK 13 17-19 Haustmøtet 2017**

**RAPPORTERING**

**SAK 14 17-19 Rekneskapsrapport pr. 15.09.2017**

**EVENTUELT**

**TIL STADES:** Oddmund Lefdal, Torunn Grut, Tor Arne Hov, Anne Lilleaasen, Adrian Helgheim og Yngve Thorsen (adm.)

**FORFALL:**

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Yngve Thorsen (adm.)

---

**REFERATSAKER**

**SAK 01 17-19 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**Bakgrunn**  
Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

**VEDTAK**  
Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 02 17-19 Konstituering av langrennskomiteen 2017-2019**  
**Bakgrunn**

- Val av nestleiar til langrennskomiteen
- Val av medlem til anleggskomiteen
- Val av medlem til utd./ utv. komiteen
- Val av medlem til økonomi- og sponsorutvalet

**VEDTAK**  
Langrennskomiteen gjer følgjande vedtak i saka:

Nestleiar langrennskomiteen; Tor Arne Hov  
Medlem til anleggskomiteen; Anne Lilleaasen  
Medlem til utd./ utv. komiteen; Torunn Grut  
Medlem til økonomi- og sponsorutvalet; Anne Lilleaasen

**SAK 03 17-19 Terminliste 2017-2018**  
**Bakgrunn**

Rammene for terminlista 2017-2018 vart lagt fram i samband med skikrinsen sitt Vårmøte.

Deretter vart terminlista sendt til høyring i laga, med svarfrist 01. september 2017.

Høyringsframlegg til Terminliste Langrenn 2017-2018 finn ein vedlagt.

Pr. 01. september er det komt følgjande innspel til terminlista:

**1) Førde IL v/ Arne Helgheim:**

*Ribberennet har vi vedteke å flytte til 28.12 på Terminlista er det sett opp med dato 27.12.17*

*– antar grunnen er at en ynskjer noko «avstand» (en dag ekstra) til rennet pr 30.12.17?*

**27 01 18: Eid, sprint/skicross:**

*Skal dette avviklast som et sprint renn, med innlagte elementer av skicross eller er det både/og, som på HL?*

*En ser vel for seg at finaleheat/fellesstart i ei skicross løype vil ha sine åpenbare utfordringar.*

***Ungdommens Holmenkollrenn** er i 2018 beramma til 03-04.februar. (truleg flytta fram pga. jr N.cup i Kollen helga 17/18 feb)*

*Ideelt sett bør en då flytte Kleiva rennet bort frå denne helga.. >> kan flyttast til 17 eller 18/2*

*Det bør i alle fall ikkje avviklast noko tellande rekruttrenn for SSF når 13/14 år har UH.*

*En ynskjer om muleg et krinsrenn på Langeland, pr no har vi ikkje tellande «cup-renn» SSF!*

*I så måte: KM rennet pr 30 12 bør gjerne telle som cup-renn både for jr og rekr.? Pr no ingen cup-renn i Sunnfjord..*

*Arne*

**2) IL Jotun v/ Børre Øvstetun:**

*Hei !*

*Vi i IL Jotun og ÅTIL trenger tilbakemelding på kva vi gjer feil som arrangør sidan me ikkje tilgodesett med renn neste sesong!.*

*Samtidig er det “trist” at de er satt opp KM i ei nyttårhelg , mange nyttar denne til ferie/familiehøgtid og reiser vekk.*

*Mvh*

*Børre Øvstetun*

*IL Jotun Ski*

*Tlf: 90852584*

**3) Tambarskjelvar IL v/ Åsmund Berthelsen:**

*Tambarskjelvar IL har spelt inn at dei ynskjer å avvikle eit terminfesta arrangement i langrennscross (andre arrangement typar kan også vere aktuelt).*

### **VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer følgjande vedtak i saka:

Vedtak 1)

Ribberennet vert flytta til 28. desember 2017.

Vedtak 2)

IL Jotun/ ÅTIL vert arrangør av SSF Cup Finale

Vedtak 3)

SSF Cup Kleivanerennet vert flytta til 03. mars 2018

Vedtak 4)

SSFkarusell/ SkiCross Førde IL/ Gaular IL og Sogndal IL vert flytta til 03.-04. februar 2018

Vedtak 5) SSFkarusell/ Tambarrennet vert terminfesta 24. februar 2018

### **SAK 04 17-19**

#### **Breiddesamlingar 12-16 år**

##### **Bakgrunn**

Av breiddesamlingar i 2017 er det førebels gjennomført samling på Ullsheim 08.-10. september, med landslagstrenerar Sjur Ole Svarstad som hovudtrener. På denne samlinga deltok nærare 50 utøvarar f. 2002-2006.

Det er elles planlagt trening (to økter) med [Øystein «Pølsa» Pettersen](#) på langeland 28.-29. september (nedre aldersgrense er utøvarar f. 2006).

Vidare har Førde IL og Gjørán Tefre teke initiativ til [Enivest Skiskule](#) på Langeland i perioden 12.-15. oktober 2017 (aldersgruppe 2002-2006).

Sogn og Fjordane Skikrins er samarbeidspart i alle tre tiltaka.

### **VEDTAK**

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

### **SAK 05 17-19**

#### **Jentesamlingar**

##### **Bakgrunn**

I samarbeid med Førde IL er det planlagt jentesamling på Langeland laurdag 30. september 2017.

Komiteen tek stilling til om det skal avviklast fleire jentesamlingar 2017-2018.

### **VEDTAK**

Komiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å kontakte Markane IL v/ Margrunn Hjelmeset vedr. ev. avvikling av jentesamling i samband med Ullsrenna (06.-07. januar 2018).

Torunn Grut følgjer opp vedtaket.

**SAK 06 17-19**

**Økonomisk støtte til «SognaLangrenn»**

**Bakgrunn**

Søknad frå «SognaLangrenn» v/ Kaupanger IL v/ Tor Arne Hov:

*Viser til tidlegare e-postutveksling, og me tillet oss med dette om å søkje om økonomisk støtte til Sognalangrenn.*

*Sognalangrenn er eit treningssamarbeid mellom idrettslaga i Indre Sogn. Formålet er å skape, og opprettholde eit treningsmiljø for ungdom frå ca 13 år. Me ser at det vert utfordrande å halde ungdomen i langrennsmiljøet i små klubbmiljø, og me taper fort mot lagaktivitetar som fotball og håndball. For å få ungdom til å halde fram med langrenn inn mot junior- og senioralder, trur me det er viktig både sosialt og sportsleg å skape arena for felles trening og sosial samkome.*

*Me har difor i Kaupanger IL teke initiativ til å etablere noko me kallar for Sognalangrenn. Aktivitetane her er fleire:*

- *Treningshelgar/samlingar*
- *Fellestreningar i midtveke*

*Hittil i 2016 har me gjennomført treningshelgar i Vik, Kaupanger og Jostedalen – samt måndagstreningar i Sogndal, Leikanger og Kaupanger. Me rullerer på ansvaret med å arrangere, både samlingar og måndagstreningar – og klubbane stiller med trenarkrefter.*

*Me ønskjer å søkje om støtte til å halde fram denne aktiviteten, der støtten skal bidra til å dekke kostnader til:*

- *innkjøp av mat på samlingar, ca kr 3000,-*
- *reisekostnader samlingar og treningar ca kr 2000,-*
- *dekke kostnader til trenar (ved innleige) kr 2500,-*

*I tillegg ønskjer å profilere oss som Sognalangrenn, slik at alle skiløparar i regionen legg merke til Sognalangrenn – og ønskjer å bli ein del av oss. I første omgang kan det vere aktuelt å kjøpe inn felles lue, med **Sognalangrenn** på. Dette vil ha ei prisestimat på kr 200 \* 15 stk = kr 3000,-*

*Samla sum vert då 10500,- kroner.*

*Kaupanger IL har teke adm.ansvar for Sognalangrenn, og kan håndterer det administrative i Sognalangrenn v/underteikna.*

**VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer vedtak om å støtte «SognaLangrenn» med kr. 10 500,- sesongen 2017-2018.

## SAK 07 17-19

### Nasjonale renn og meisterskap 2017-2018

#### Bakgrunn

Oversikt over logistikken i samband med nasjonalrenn- og meisterskap 2017-2018 er vedlagt, denne finn ein også på [www.skikrinsen.no](http://www.skikrinsen.no), eller ved å følgje denne lenka direkte;

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/langrenn/nasjonale-renn-langrenn/>

Forøvrig har Norges Skiforbund reservert overnatting/ innkvartering for samtlege kretsar i samband med følgjande arrangement:

- Norges Cup junior Beitostølen, 05.-07. januar 2018
- Norges Cup junior Holmenkollen, 16.-18. februar 2018
- Junior NM Steinkjer, 02.-04. mars 2018

Jf. rutinar i NSF er Sogn og Fjordane Skikrins tildelt 28 sengeplassar for utøvarar og støtteapparat ifbm. desse arrangementa. I utgangspunktet er sengeplassane forbeholdt utøvarar på krinslaget m/ støtteapparat. Men denne sesongen har ein også høve til å opne opp for at nokre føresette kan bestille overnatting gjennom skikretsen.

Når det gjeld øvrige nasjonale arrangement har skikrinsen v/ adm. reservert innkvartering i høve til vedlegg.

I det vidare arbeidet med nasjonale renn og meisterskap skal komiteen avklare kven som skal vere hovudleiar og støtteapparat på dei ulike arrangementa.

#### VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om at fellesopplegget på nasjonale renn knytt til senior skal avklarast nærare med aktuelle utøvarar.

Oddmund Lefdal følgjer opp aktuelle seniorutøvarar.

Langrennskomiteen gjer vidare vedtak om å førespørje følgjande personar om å vere med i støtteapparatet for junior:

- Tor Arne Hov, Kaupanger IL (org. ansvarleg)
- Jan Arve Lund, Kaupanger IL
- Inge Brikt Kvile, Førde IL
- Bjørn Kristian Sunde, Førde IL
- Tom Idar Kvam, IL Bjørn
- Andres Borkamo, Gaular IL
- Arthur Hegrenes, Førde IL
- Eivind Skår, Førde IL

Hovudleiarar på nasjonale renn junior er Asgeir Årdal, Simen Bækken og Olaug Grut Andersen.

Tor Arne Hov følger opp støtteapparatet på nasjonale renn og meisterskap for junior saman med adm.

**SAK 08 17-19**

**Handlingsplan 2017-2019**

**Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2017-2019 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2017.

Planen finn ein vedlagt.

I møtet skal komiteen handsame handlingsplanen, drøfte langrennskomiteen sine tiltak, samt avklare vidare ansvarsfordeling.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling.

**SAK 09 17-19**

**Veiledarutdanning Norges Skiforbund**

**Bakgrunn**

Norges Skiforbund arrangerar 13.-15. oktober ei opplæringssamling for engasjerte personar som ynskjer å bli ein del av skiidretten sitt klubbveiledarkorps. Samlinga vil gå parallelt med Skiforbundet sitt Haustmøte/ Anleggs- og arrangørseminar.

I 2016 vart Skiforbundet sin Utviklingsmodell (SUM) vedtatt på Skitinget i Trondheim. På bakgrunn av dette skal Norges Skiforbund utdanne eit eige veiledarkorps som skal jobbe med klubbutvikling i vid forstand, og supplere det gode tilbudet som NIF og idrettskretsane allereie tilbyr. Klubbutvikling vil omhandle innsatsområda aktivitet, anlegg, arrangement, kompetanse og organisasjon.

Til forskjell frå kurslærarrolla vil ein her jobbe som prosessleiar, der ein m.a. vil halde temakvelder, køyre work-shops og leie prosessar for å utvikle handlingsplanar i skigruppene.

Ein må rekne med å stille opp på ettermiddagar og nokon helgar, samt vere fleksibel til å ta oppdrag på kort sikt.

Alle veiledarar får honorar etter NIF og NSF sine satsar for veiledarar.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer vedtak om å rette ein førespurnad til Sogn og Fjordane idrettskrins vedr. samarbeid og bruk av veiledar personell.

## ORIENTERINGSSAKER

### SAK 10 17-19

#### **Krinslaget 2017-2018**

##### **Bakgrunn**

Krinslaget i langrenn 2017-2018 består til saman 37 utøvarar.

27 utøvarar er knytt til det ordinære krinslaget, medan impulslaget (f. 2002) består av 10 utøvarar.

##### **Målsetjing med krinslaga**

Målsetjinga med krinslaga er å skape gode sportslege rammer for langrennsatsing i Sogn og Fjordane.

Utøvarane på krinslaga forpliktar seg m.a. til følgjande;

- utøvarane skal vere motiverte og villige til å satse på høgt nivå
- utøvarane som representerar laga skal vere inkluderande, inspirerande og motiverande for andre løparar frå fylket
- utøvarane skal føre treningsdagbok (gjeld krinslag junior, eldre junior/senior)
- utøvarane skal ta initiativ til dialog med trenarane mellom samlingane
- utøvarane skal ta initiativ til dialog med trenarane i konkurransesesongen
- utøvarane skal delta på alle samlingane (sjukdom og eksamen er gyldig grunn til fråvær)
- utøvarane skal gjennomføre økter i høve til plan frå trenarane i samband med samlingane
- utøvarane skal møte presis til alle økter i samband med krinssamlingane
- utøvarane skal delta på nasjonalereenn- og meisterskap (hovudlandsrenn, norgescup, skandinaviskecup, junior NM, senior NM etc.)
- utøvarane skal nytte krinslagsbekledning ved deltaking på krins- og nasjonale arrangement (unnataket er NM stafett)
- gjennomføre e-læringsmodulen til Antidoping Norge: Ren Utøver

##### **Krinslag Eldre Junior/ Senior (1999- )**

Utøvarar på *Krinslag Eldre Junior/ Senior* får m.a. følgjande tilbod gjennom Sogn og Fjordane Skikrins:

- ca. 40 samlingsdøgn i perioden juni-desember
- dekkja overnattingskostnader på alle samlingar
- eit støtteapparat i samband med nasjonale renn og meisterskap.
- ein hovudtrenar i tillegg til fleire kvalifiserte trenarar.
- dekkja racingdress, overtrekksklede, t-skjorte, shorts (tights) og hue.
- sportsleg oppfølging mellom samlingane



### **Krinslag Junior (f. 2000-2001)**

Utøvarar på *Krinslag Junior* får m.a. følgjande tilbod gjennom Sogn og Fjordane Skikrins:

- ca. 25-30 samlingsdøgn i perioden juni-desember
- dekkja overnattingskostnader på alle samlingar
- eit støtteapparat i samband med nasjonale renn og meisterskap.
- ein hovudtreinar i tillegg til fleire kvalifiserte trenarar.
- dekkja racingdress, overtrekksklede, t-skjorte, shorts (tights) og hue.
- tilbod om sportsleg oppfølging mellom samlingane

### **Impulslag (f. 2002)**

Utøvarar på Impulslaget får m.a. følgjande tilbod gjennom Sogn og Fjordane Skikrins:

- ca. 12 samlingsdøgn i perioden juni-november
- dekkja overnattingskostnader på alle samlingar.
- ein hovudtreinar i tillegg til fleire kvalifiserte trenarar.

### **Trenarar/ leiarar 2017-2018**

- Asgeir Årdal
- Simen Bækken
- Olaug Grut Andersen (delvis)

### **Krinslagskontingent 2017-2018**

- Impulslag (2002): Kr. 4 000,-
- Junior (2000-2001): Kr. 12 000,-
- Eldre Junior (1998-1999): Kr. 13 000,-
- Senior (1997-) Kr. 15 000,-  
(inkl. opne samlingar med Team Veidekke Vest)

For utøvarar som ikkje ynskjer å delta på samlingsopplegget, men som har planar om å delta på nasjonale arrangement kommande vinter kan ein ta del i skikrinsen sitt fellesopplegg vinterstid ved å «kjøpe» ein «vinterpakke»:

- «vinterpakke» junior, kr. 6 500,- (inkl. krinslagsklede)
- «vinterpakke» senior, kr. 8 500,- (inkl. krinslagsklede)

Ved å gjere seg nytte av denne «pakken» vil ein få eit tilrettelagt opplegg ifbm. nasjonale renn og meisterskap knytt til smøring av ski og logistikk.

Ver merksam på at krinslagsbekledninga er inkludert i kontingenten for «vinterpakkane».

## Samlingsplan 2017-2018

| Fokus   | Stad     | Dato                    | Senior/ Eldre Jr. | Junior | Impuls |
|---------|----------|-------------------------|-------------------|--------|--------|
| Ski     | Vik      | 01.-05. juni 2017       | X                 | X      |        |
| Barmark | Førde    | 22.-25. juni 2017       | X                 | X      | X      |
| Barmark | Markane  | 03.-06. august 2017     | X                 | X      |        |
| Barmark | Jølster  | 14.-17. september 2017  | X                 | X      | X      |
| Barmark | Hemsedal | 28. sept.-01. okt. 2017 | X                 | X      |        |
| Barmark | Sogndal  | 11.-15. oktober 2017    | X                 | X      | X      |
| Ski     | Sjusjøen | 08.-12. november 2017   | X                 | X      | X      |
| Ski     | Gålå     | 22.-26. november 2017   | X                 |        |        |

For seniorutøverane vert det også bli lagt til rette for samlingar saman med Team Veidekke Vest.

Vidare er samlinga i Vik gjennomført saman med Hordaland Skikrets, medan samlinga i Hemsedal vert gjennomført saman med Team Hallingdal/ Buskerud Skikrets.

### VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

### SAK 11 17-19

### Status i markedsarbeidet til langrennskomiteen

#### Bakgrunn

| Verksemd             | Grein    | Går ut | Status   |
|----------------------|----------|--------|--|
| ByggTeam AS          | Langrenn | 2018   | Avtalen er reforhandla t.o.m. våren 2018. Økonomisk nivå er same som tidlegare. Ny avtale signert august 2015.   |
| Sparebanken S. og Fj | Langrenn | 2017   | Avtalen vart reforhandla og signert vinteren 2015. Avtalen strekker seg t.o.m. 31.12.2017. Økonomisk nivå er same som tidlegare. Avtalen er under reforhandling. |
| SFE                  | Langrenn | 2019   | Avtalen vart reforhandla i 2016.   |

### VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

**SAK 12 17-19**

**Team Veidekke Vest**

**Bakgrunn**

Leiar i langrennskomiteen orienterte om Team Veidekke Vest på følgjande punkt:

- møtestruktur/ organisasjon
- sportsleg opplegg, sportsleg nivå
- trenarsituasjonen
- to løparar frå Sogn og Fjordane på Team Veidekke Vest ses. 17-18.
  - o Torstein Bu, Førde IL
  - o Gjørán Tefre, Førde IL

**VEDTAK**

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

**SAK 13 17-19**

**Haustmøtet 2017**

**Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins avviklar Haustmøtet laurdag 11. november 2017 i Sogndal (Fosshaugane Campus).

Haustmøtet vert gjennomført i samarbeid med Sogn og Fjordane idrettskrins.

På neste side følgjer rammeprogram for Haustmøtet 2017:

## Idrettens møteplass 2017

Dato: Laurdag 11. november

Stad: Sogndal, Fosshaugane Campus/Sogndal vgs.

| Tillitsvalte, tilsette, trenarar, føresette   | Utøvarar  |
|---|---|
| <p><b>FELLES FOREDRAG</b><br/>Kl. 10-12<br/>Trollsalen, Sogndal vgs.</p> <p>Foredrag: Johan Kaggestad<br/>Tema: Allsidig grunnlag for å nå toppen</p> <p>Paneldebatt<br/>Deltakarar:</p>  | <p><b>TVERRIDRETTSLEG<br/>TRENINGSSAMLING</b><br/>Aldersgrupper: 13-16 år</p> <p>1. økt kl. 10-12<br/>Campussalen<br/>Basistrening v/ Even Hole</p> |
| <p><b>LUNSJ</b> (lasagne m/ tilbehør)<br/>Kl. 12-13<br/>Kantina Sogndal vgs.</p>  | <p><b>LUNSJ</b> (lasagne m/ tilbehør)<br/>Kl. 12-14<br/>Kantina Sogndal vgs.</p>  |
| <p><b>ULIKE FORUM</b><br/>KL. 13-16</p> <p>Haustmøte SFSK (4 klasserom)<br/>Leiarmøte SFOK (1 klasserom)</p> <p>Idrettsrådssamling v/ IK (1 klasserom)<br/>Økonomikurs for idrettslag v/ IK (1 klasserom)</p>   | <p>2. økt kl. 14-16<br/>Campussalen<br/>Basistrening v/ Even Hole</p> <p><i>Trenarar og føresette kan observere økta</i></p>                        |
| <p>Pris deltakar (= pris lunsj) kr 200,-</p> <p><u>Kostnad:</u><br/>- lokale, møterom<br/>- foredragshaldar<br/>- lunsj, kaffi og frukt<br/>- IK dekkar fellesforum og møterom</p>  | <p>Pris deltakar kr 200,-?</p> <p><u>Kostnad:</u><br/>- hall<br/>- trenarkrefter<br/>- lunsj<br/>- IK dekkar hallkostnad</p>                        |
| <p><u>Ansvarsdeling:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>    Påmelding questback - IK</li> <li>    ✓ Bestille lokale, møterom, hall – IK</li> <li>    ✓ Fellesforum – IK (m/ innspel frå SK)</li> <li>    ✓ Lunsj – IK</li> <li>    Innhald treningssamling – IK/SK</li> </ul> |   |

**VEDTAK**

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

**RAPPORTERING**

**SAK 14 17-19**

**Rekneskapsrapport pr. 15.09.2017**

**Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 15.09.2017 er vedlagt.

Adm. la rapporten i møtet.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering.

**EVENTUELT**

Med venleg helsing

Oddmund Lefdal (s)  
Leiar langrennskomiteen

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef